

Gjev dispensasjon

LUSTER: Plan og forvaltningsstyret i Luster gjev søkjar dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen og forbodet mot tiltak i 100-metersbeltet langs sjø for utfylling, plastring og flytting av uthus på gnr. 50 bnr. 13 i Luster. Det vert sett som vilkår at uthuset vert flytta minst fem meter frå vegkanten på fv. 55 og at fylling mot sjø vert redusert til 10,5 meter frå vegkant i eigedomsgrensa mot nord og 15 meter frå vegkant midt på tomta. Avgjerda vert grunngeven med at tiltaket ikkje kjem i strid med omsyna bak føremålsbestemmelsane i lova eller i arealplanen og at føremonene er klart større enn ulempene.

Klimaseminar

SOGNDAL: Vestlandsforskning i samarbeid med Norsk Bremuseum og Cicero arrangerer 25. april klimaseminar i Sogndal, går det fram av ei pressemelding. Seminaret vert opna av professor Olav Orheim frå Norsk Bremuseum. Seminaret vert så innleia av ein av dei fremste klimaforskarane i Norge, professor Helge Drange ved Universitetet i Bergen, som fortel om ny innsikt frå det pågåande arbeidet i FN's klimapanel.

Mangeårig kommunikasjonsrådgjevar ved CICERO, Christian Bjørnæs, vil snakka om sine erfaringar frå formidling av klimaforskning, før journalist og frittstående politisk analytiker Aslak Bonde svarer på følgjande spørsmål: Kven bør fylle rommet i klimadebatten mellom forskinga og avgjerds-takarane? Er det forskarane sjølve, forskingsjournalisten eller kommunikasjonsbyråa?

Båthamna

... å presisera



og domarfullmektig Lars Varden på synfaring i det aktuelle området, Nyhus.

liggjande til å syta for at det blir spesifisert i avtalen. Såleis: Kjell Arvid Nyhus må sjølv ta ansvaret for at det ikkje uttryk- kjeleg er avtala ein eksklusiv bruksrett.

Partane må no, seg i mellom, bli samde om kva bruksretten skal bestå i på det omtvista området. I domen heiter det: Retten har ikkje teke stilling

til kva bruk som kan tillast av eigar på dei områda som er omfatta av bruksretten. Retten har berre teke stilling til om det ligg føre ein eksklusiv eller delt bruksrett.

Terje Eggum
terje.eggum@sognavis.no

store, det er sistnemnde som har sete på pengane, rådgjevarane og kompetansen elles, seier Jan Tollefsen.

Tyngjande

Han seier det er for tidleg å gå inn på om tingrettsdomen blir anka.

– Me må ha meir tid på oss innan me kan seia noko om det, men dette er tyngjande for Kjell Arvid Nyhus, både på kostnadssida og i forlenginga med det som har med råderetten å gjera og dermed ei framtidig næringsverks- emd i båthamna.



REAGERER: Advokat Jan Tollefsen er undrande til korleis omsynet til den store aktøren har vunne over den lille, som også hadde næringsinteresser og som trudde på ei framtid med basis i det han selde til Skjolden cruisekai.

– Ein del av kompensasjonen

SKJOLDEN: Saksøkjjar har halde fram at ei naturleg språkleg tolking av teksten i avtalen, sett i samanheng med partane sine føresetnader og ramma kontrakten blei inngått i, skulle tilseia at bruksretten til småbåthamna var eksklusiv.

Det blei frå saksøkjjar forstått slik at retten til småbåthamna var ein del av kompensasjonen for avståing av grunn. Det skulle vidare vera ei felles forståing partane i mellom at saksøkjjar skulle etablera næringsverksemd retta mot båtturistar.

Det trekkjer også i retning

eksklusiv, meiner saksøkjjar, at avtalen gjev denne høve til å utvida båthamna. Men også det tilhøvet at saksøkjjar har ein evigvarande og kostnadsfri bruksrett på areala knytte til eit marinabygg og småbåthamna. Eit kart dreg i same leia, meiner saksøkjjar, nemleg at bruksretten hans var eksklusiv.

38 båtplassar

Vidare heldt saksøkjjar fram at båthamna var for liten for 40 båtplassar. Delt bruk ville difor vera til fortrensel for Nyhus sin bruksrett etter avtalen. Det må omsynstakast, meinte Nyhus, at i den opphavlege båthamna var det inga avgrensing på utsiktene til å utvida. Nyhus heldt fram at han, saman med Skjolden båtlag, har behov for 38 plassar.

Uklarheit

Saksøkjjar meiner at den

såkalla uklarheitsregelen også kan takast inn sidan denne, meiner han, tilseier at avtalen må tolkast i favør av saksøkjjar. Nemnde regel kjem berre til bruk i ei sak om tolkinga av ein avtale ikkje gjev eit klart resultat.

Profesjonell

Endeleg har saksøkjjar gjort gjeldande at Røysi, på eit tidleg tidspunkt, skulle ha klargjort sine føresetnader om delt bruksrett i båthamna. Det blir peikt på at det var Røysi som tok initiativet til avtalen og Røysi sin medhjelpar som utforma avtalen. Røysi var den sterke og profesjonelle parten, slik saksøkjjar ser det.

Alt dette munna ut i påstanden om at Kjell Arvid Nyhus sine avtalar med Røysi skulle gje førtstnemnde eksklusiv bruksrett til småbåthamna.



LANGOPE

Torsdag 10–19

20%

på heile
kolleksjonen frå

CARLA
DU NOKED

Enkel servering!

Aase, Hallfrid, Marianne og Tove

Damekle str 34 – 54!!

M A N G O design

Parkvegen 2, Sogndal - Tlf 57 67 29 88